

MOTTATT 1

16 OKT 2014



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kulturdepartementet

16 OKT 2014

2014/1005-020

Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/1005

Vår ref.
14/4143 - HAA

Dato
14.10.2014

Høyring – Forslag til endringer i forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet av 3. juli 2014.

Det er ikkje stilt opp noko konkret utkast til endringsforskrift i høyringsutkastet. Dette bør generelt alltid gjerast.

Dersom det er eit problem at utlånsinstitusjonar ikkje oppfatar at dei må søkje annan institusjon om mellombels utføring av kulturgjenstandar i samband med utstilling eller liknande, bør dette seiast endå tydelegare i forskrifta enn det er lagt opp til i utkastet til endring av § 5 andre ledd. I staden for den føreslegne endringa i § 5 andre ledd fyrste punktum, kan følgjande seiast i eit nytt § 3 andre punktum:

Kravet om tillatelse i første punktum omfatter alle former for utførsel til utlandet, også for utlån til utstillinger og for annen tidsbegrenset periode.

Når det gjeld utkastet til nytt fjerde ledd i § 6, bør det takast utgangspunkt i at habilitetsreglane i forvaltningslova er knytte til dei enkelte tenestemennene, ikkje til institusjonar. Generelt opererer vi ikkje med organhabilitet i norsk rett, men det kan tenkjast at inhabilitet hjå tenestemenn i eit organ medfører at det blir svært vanskeleg eller umogleg for organet å treffe avgjerd i ei sak. Formuleringa i utkastet til § 6 fjerde ledd fyrste punktum gjev derimot inntrykk av at tvil om habilitet generelt medfører at ein søknad skal sendast til Norsk kulturråd. Denne ordlyden tilseier såleis at dersom det er tvil om habiliteten for ein eller fleire sakshandsamarar, skal saka sendast til Norsk kulturråd, og dette legg vi til grunn at ikkje er meininga. Det går ikkje klart fram

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4a
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Plan- og
administrasjonsavdelinga
Telefaks
22 24 95 34

Sakshandsamar
Harald Aass
22245137

av høyringsnotatet kva som eigentleg er meint her, men vi går ut frå at oversending til Kulturrådet berre er aktuelt der inhabilitet medfører at det ikkje kan takast avgjerd i ei sak om søknad om utføring av kulturgjenstandar. Forskriftsteksten bør difor endrast noko.

Det er heller ikkje heilt samsvar mellom høyringsbrevet og utkastet til forskriftstekst når det gjeld handsaminga av søknadar frå ein vedtaksinstitusjon. Hovudregelen skal vera at slike søknadar skal sakshandsamast av ein annan vedtaksinstitusjon, og valet av denne kan om ynskeleg skje i samråd med Norsk kulturråd. I utkastet til § 6 fjerde ledd fyrste punktum i forskrifta er det derimot sagt at søknaden skal sendast til Norsk kulturråd, som «eventuelt» formidlar søknaden vidare til den best eigna vedtaksinstitusjonen. Dette gjev inntrykk av at utgangspunktet er at Kulturrådet skal treffe vedtak i slike saker, medan det kan avgjerast at saka i staden skal gå til ein annan vedtaksinstitusjon. Såleis bør ordlyden i forskrifta endrast òg på denne punktet.

Vi tilrår følgjande formulering av nytt § 6 fjerde ledd:

Dersom en vedtaksinstitusjon selv søker om utførselstillatelse, eller andre forhold medfører at en vedtaksinstitusjon selv ikke kan avgjøre en søknad om utførselstillatelse, skal søknaden sendes Norsk kulturråd. Kulturrådet skal videreformidle søknaden til den av de andre vedtaksinstitusjonene som er best egnet til å behandle den, men dersom det ikke er mulig å finne noen egnet vedtaksinstitusjon, skal Kulturrådet selv være vedtaksmyndighet i saken. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fra Kulturrådet etter andre punktum.

Sidan det no skal gjerast endringar i forskrifta, bør òg § 6 fyrste ledd om vedtaksinstitusjonar endrast. Ein slik tabell som står i fyrste ledd i dag bør ikkje brukast. I staden kan vedtaksinstitusjonane gå fram av ei punktoppstilling, som kan setjast opp slik:


Følgende institusjoner er vedtaksinstitusjoner:

- a) *Forsvarsmuseet er vedtaksinstitusjon i saker om utførsel av militære kulturgjenstander, våpen og luftfartøyer.*


- b) *Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo er vedtaksinstitusjon for saker om utførelse av arkeologisk og etnografisk materiale, gjenstander fra tiden før reformasjonen, mynter og sedler*

OSV.»

Med vennleg helsing



Harald Aass
fagdirektør



Toril Juul
seniorrådgiver